



# TILSTANDSRAPPORT FOR BARNEVERNTENESTA I ÅRDAL - 2025

Utarbeida av kommunalsjef for helse, omsorg og barnevern  
Marita Opheim



## Innhold

Bakgrunn .....	2
Oppgaver til barnevernstenesta.....	2
Hjelpetiltak .....	2
Fosterheim .....	2
Ettervern.....	2
Brukarmedverknad og involvering av brukarane .....	3
Barneverntenesta i Årdal.....	3
Interkommunal barnevernsvakt.....	4
Nøkkeltal og vurderingar .....	5
Førebygging og samarbeid .....	9
Kommunebildet og vegen vidare .....	9



## Bakgrunn

Årleg tilstandsrapport om barnevernet skal utarbeidast for å sikra rutinemessig informasjon til kommunen si administrative og politiske leiing, samt befolkninga generelt jf.

Barnevernlova (Bvl.) § 15 – 3 og kommunelova § 25-1.

Tilstandsrapporten gir ei oversikt over arbeidet til Årdal barnevern i 2025.

## Oppgåver til barnevernstenesta

Barnevernet i Noreg har som hovudoppgåve å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp, omsorg og vern til rett tid.

Tenesta skal støtte foreldre i å gi god omsorg og i størst mogleg grad leggje til rette for at barn kan vekse opp i eigen familie.

Barnevernet arbeider etter prinsippet om barnet sitt beste og med respekt for den enkelte familie sin situasjon. Innsatsen er i hovudsak basert på frivillige hjelpetiltak, men kan også omfatte meir inngripande tiltak dersom det er nødvendig for å sikre forsvarleg omsorg. Arbeidet krev tett samarbeid med andre tenester og eit sterkt fokus på førebygging, tidleg innsats og tverrfagleg samhandling.

Barnevernet skal delta i kommunen sitt arbeid knytt til å fremje gode oppvekstvilkår gjennom førebyggjande aktivitetar, jf. Bvl. § 15–1. Barnevernet har tiltak for barn og ungdom i alderen 0–25 år.

### Hjelpetiltak

Tiltak i barnevernet er ulike former for hjelp og oppfølging som blir sett inn for å sikre at barn og unge får trygge og gode oppvekstvilkår etter at det er gjort undersøking. Tiltaka kan vere frivillige hjelpetiltak i heimen eller meir omfattande tiltak, som omsorgsovertaking og plassering utanfor heimen, dersom det er naudsynt. Målet er alltid å ivareta barnet sitt beste.

### Fosterheim

Fosterheim er ein privat heim der barn og unge bur når dei av ulike grunnar ikkje kan bu hos sine biologiske foreldre. Fosterforeldra gir dagleg omsorg og oppfølging, medan barnevernstenesta har ansvar for å følgje opp barnet og fosterheimen. Målet er å sikre barnet trygge og stabile oppvekstvilkår.

### Ettervern

Ettervern etter barnevernlova er tiltak og oppfølging som barnevernet gir til ungdom etter fylte 18 år, for å støtte overgangen til eit sjølvstendig vaksenliv, støtte i utdanning, arbeid og bustad og førebyggje utanforskap og levkårsproblem.



Ettervern gjeld ungdom som har hatt barneverntiltak før fylte 18 år. Tiltaket er frivillig, den unge må samtykkje, og dei kan få det fram til dei er 25 år. Barnevernet har plikt til å vurdere ettervern når ungdom nærmar seg 18 år. Eit eventuelt avslag skal vere skriftleg og grunngjeve.

Ettervern kan vere:

- vidareføring av eksisterande tiltak (t.d. fosterheim, hybel med oppfølging)
- økonomisk støtte
- rettleiing og oppfølging frå barnevernet
- hjelp til bustad, skule eller arbeid
- kontaktperson/miljøterapeut

### Brukarmedverknad og involvering av brukarane

Brukarmedverknad i barnevernlova er eit grunnleggjande prinsipp som inneber at barn, unge og føresette skal få seie si meining og påverke saker som gjeld dei sjølve. Dette er forankra i barnevernlova § 1-4, § 1-6 og § 12-3.

Barn har rett til å bli informerte, bli høyrde og uttale seg. Meininga til barnet skal leggjast vekt på etter alder og modenheit. Foreldre/føresette har rett til informasjon, til å uttale seg og til å medverke i vurderingar og val av tiltak. Brukarmedverknad er viktig for å ta betre avgjerder, finne treffsikre tiltak og styrkje barnet sine rettar. For dei som skal motta tenester frå barnevernet, er medverknad viktig for å skape tillit.

## Barneverntenesta i Årdal

Årdal barnevernsteneste er ei lita eining med 5 årsverk fordelt på leiar, to sakshandsamarar / barnevernskonsulentar og to tiltaksarbeidarar. Tenesta held til i Rådhuset på Årdalstangen.

Tilsettgruppa har over lang tid vore stabil, og alle stillingar er 100 %. Etter tilsetjing av vernepleiar hausten 2024, har tenesta i 2025 vore fullt bemanna heile året.

Tenesta er sett saman av fagpersonar med brei kompetanse innan helse- og sosialfag, inkludert sosionomar, barnevernspedagogar og vernepleiar.

Årdal barnevern har ikkje hatt student i 2025.

Samla sjukefråvær i tenesta var i 2025 under 3 %.

Det daglege arbeidet omfattar undersøkingar, oppfølging av hjelpetiltak i heimen, arbeid med barn som bur utanfor heimen og tverrfagleg samarbeid. Tenesta har jamleg



ettermiddagsarbeid knytt til oppfølging av tiltak og reiseverksemd i samband med fosterheimar, også utanfor kommunen.

I dei fleste sakene vert det sett inn frivillige hjelpetiltak, tilpassa den enkelte familie sitt behov. Tiltaksarbeidarane gir tett oppfølging, og tilbodet vert supplert med spesialiserte tiltak frå Bufetat ved behov.

### **Leiing og styring**

Barnevernstenesta vart frå hausten 2025 lagt til eit nytt kommunalsjefområde. Omorganiseringa har vore viktig, men det har teke tid å etablere gode relasjonar, felles forståing og tilstrekkeleg styringsstruktur.

I same periode tilrådde administrativ leiing etablering av interkommunal barnevernteneste, noko som ikkje hadde støtte blant dei tilsette, og som har påverka stabilitet og utviklingsarbeid i tenesta. Kommunen har prioritert deltaking i leiarutviklingsprogram med fokus på internkontroll og kvalitetsarbeid i barnevernet, som eit viktig tiltak for å utvikle betre styring og sikre forsvarlege tenester framover

### **Kompetanseheving og opplæring**

Kommunen skal etter barnevernlova sikre at tilsette får naudsynt opplæring og rettleiing. Tenesta har delteke på tenestestøtteprogrammet, dette blei avslutta i 2025.

Årdal er med i eit interkommunalt prosjekt med kollegarettleiing. Kvinnherad kommune står for framdrift og planlegging og disponerer prosjektmidlane frå Statsforvaltaren.

To av dei tilsette er i gang med master i Barnevern. Me deltek elles på kurs og fagdagar som blir arrangert som ein del av BTI arbeidet i Årdal kommune.

### **Interkommunal barnevernsvakt**

Barneverntenesta i Årdal er med i interkommunal vaktordning saman med Aurland og Lærdal. Denne har fungert godt også i 2025. Tenesta får jamleg kontaktar utanom ordinær arbeidstid, og ordninga bidreg til tryggleik for barn og familiar. Denne vakta er døgnbemanna, og rullera på dei tilsette.

I 2025 hadde me om lag 15 henvendingar som kom medan Årdal hadde vakttelefonen. Dette kan både være saker som gjeld Årdal, men også Lærdal og Aurland.




## Nøkkeltal og vurderingar

Rekneskapen viser at tenesta hadde i 2025 eit lite mindreforbruk. Økonomien i barnevernet er sårbar, då enkeltvedtak kan medføre store kostnader.

Per eining	Regnskap	Årsrekneskap i fjor	Opph. budsjett	Revidert budsjett	Avvik budsjett og rekneskap
► 1 Driftsutgifter	16 376 062	15 325 205	16 449 520	16 522 246	146 184
► 2 Driftsinntekter	-98 143	-181 596	0	0	98 143
	16 277 919	15 143 609	16 449 520	16 522 246	244 327

Årdal kommune har høgare netto driftsutgifter til barnevern per innbyggjarar enn landssnittet, kommunar i KOSTRA-gruppe 2 og nærliggande kommunar. Samstundes har kommunen lågare utgifter per barn med tiltak.


Forklaringa er ikkje at me har dyre enkeltsaker, men at fleire barn får tiltak i Årdal enn landssnittet og kommunane me samanliknar oss med.



Figur 1: Netto driftsutgifter pr. innbyggjar til barnevern. Tal henta frå KOSTRA rapport i Framsikt.



Figur 2: Andel barn med 0 – 17 år og netto utgift pr. barn med tiltak



Tal barn og familiar med behov for hjelpetiltak er stabilt høgt. Tenesta har eit breitt spekter av tiltak som råd og rettleiing, foreldrerettleiingsprogram, tverrfagleg samarbeid, økonomiske tiltak og ulike former for avlasting. Ressursane vert i hovudsak nytta til:

- Barn med omfattande og varige hjelpebehov
- Oppfølging av ungdom i ettervern, inkludert hybel og skulegang
- Avlastningstiltak
- Økonomisk støtte til familiar
- Akuttsaker og behov for beredskapsheim gjennom Bufetat

Tenesta har prioritert å nytte ressursane direkte på tiltak for barn og familiar. Dette inneber at ein større del av midlane har gått til konkrete hjelpetiltak framfor administrasjon.

Den samla kostnaden vert dermed høgare fordi:

- fleire barn er inne i barnevernet
- kommunen har ein praksis med relativt låg terskel for å setje inn tiltak

Samtidig er kostnaden per barn lågare, noko som tyder på at:

- tiltaka i stor grad er låg- til moderat intensive
- kommunen i stor grad nyttar førebyggjande og heimebaserte tiltak
- ein prioriterer å nå mange barn med hjelp, framfor få kostnadskrevjande tiltak.

Dette er i tråd med kommunen sitt planverk der me skal:

- arbeide aktivt med tidleg innsats
- fange opp utfordringar før dei utviklar seg til meir alvorlege og kostnadskrevjande saker

Samtidig er det viktig å vere merksam på at denne profilen inneber eit val:

- ressursane vert fordelte på fleire barn
- det krev at tiltaka har tilstrekkeleg kvalitet og effekt og at me sikra at tiltaka er treffsikre

## Tiltak og meldingar

I 2025 perioden var det 69 barn som mottok tiltak frå Årdal kommune. Dette inkluderer både fosterheimar, akutte tiltak og frivillige hjelpetiltak. Av desse 69, er fleire barn som har hatt tiltak eller plasseringar over fleire år, samt at fleire vart avslutta i perioden.



Barnevernstenesta mottok 49 bekymringsmeldingar i 2025. Dette er ein liten nedgang frå 2024, men ei venta mengde basert på tal barn i kommunen. Meldingane kom jamt heile året, med unnatak av ein liten auke i januar og september.

Me ser framleis ein positiv trend der fleire familiar sjølve tek kontakt for å få hjelp. Samstundes er det framleis saker som omhandlar vald i nære relasjonar, og barn som lever i krevjande og utrygge situasjonar.

Tenesta har over tid arbeidd systematisk med informasjon om meldeplikt og samarbeid med andre tenester. Me opplever at dette har ført til betre avdekking av barn som treng hjelp, og at terskelen for å ta kontakt med barnevernstenesta er lågare.

Det er ein auke i meldingar som gjeld ungdommar som ikkje er kjend for tenesta frå før. Barnevernstenesta får òg oftare saker knytt til høgt og langvarig ufrivillig skulefråvær. Desse sakene er komplekse og krev tett samarbeid mellom fleire tenester. I enkelte tilfelle har det vore nødvendig å ta i bruk spesialiserte tiltak frå Bufetat.

Av 49 bekymringsmeldingar blei det starta undersøking i 38. Innhaldet i meldingane er av same art som tidlegare og omhandlar vald i nære relasjonar, barn som er vitne til vald mellom vaksne og generelle situasjonar som vert opplevd som skremmande og grenseoverskridande for barn.

Årdal barnevernsteneste hadde i perioden 15 plasseringar av barn i fosterheimar, samt to akutt plasseringar i beredskapsheim. Det er viktig å understreke at dette ikkje er nye tiltak i 2025, talet er aktive plasseringar.

Til samanlikning hadde me 11 i 2024, ein auke på 4 er ein markant auke.

Barnevernstenesta i Årdal har også ansvar for å sikre at dei barna som er plassert i fosterheim i Årdal kommune får den oppfølginga dei har rett på. Barneverntenesta har tilsynsansvar for desse. Det vert oppnemnt tilsynsførar, som skal reise på 2-4 besøk i året, og som leverer rapportar til barnevernstenesta. Det var total 8 barn i fosterheim i Årdal i 2025 som var plassert av andre kommunar.

Barneverntenesta hadde 6 barn med vedtak om ettervern i 2025.

## **Medverknad**

Barnevernet har i 2025 hatt auka fokus på barn sin medverknad. To tilsette har gjennomført prosjekt gjennom praksis i utdanninga, der alle rutinar og retningslinjer for medverknad blei gått gjennom og oppdatert i tråd med krav. Målet med prosjektet var å sikre medverknad på best mogleg måte.



Tenesta har ikkje gjennomført brukarundersøking. Det er planlagt å gjennomføre brukarundersøking hausten 2026.

## Førebygging og samarbeid

Barneverntenesta samarbeider systematisk med både kommunale og statlege instansar som er i kontakt med barn og deira føresette. Barnevernet har delteke i arbeidet med førebyggjande plan. Planen syner kommunen sine mål og strategiar for å styrka beskyttelsesfaktorane og redusera risikofaktorar rundt barn og unge.

Kommunen har ansvar for å sikre heiltheitleg hjelp til innbyggjarar som har behov for samtidige tenester frå fleire instansar. Dette inneber ei gjensidig forplikting til samarbeid, samordning og rett til barnekoordinator.

Det er etablert tverrfaglege møte både i barnehage og skule som barnevern deltek i. Det har og vore fleire tverrfaglege samarbeidsmøte med skule, politi og helse. Tenesta har høg tilgjenge for samarbeidspartar. I individuelle saker deltek barneverntenesta i ansvarsgrupper og andre samarbeidsforum.

## Kommunebildet og veggen vidare

I Statsforvaltaren sitt kommunebilete, som Årdal kommune fekk hausten 2025, blei Årdal barnevernteneste vurdert til svak. Statsforvaltaren peikar på fleire alvorlege forhold knytt til styring, kvalitet og internkontroll i barneverntenesta. Kommunen tek desse vurderingane på stort alvor.

Som grunnlag for vurderinga si peikar Statsforvaltaren på at dei i sine tilsyn har oppdaga svikt i internkontroll, manglande systematikk i styring og handtering av avvik, samt utfordringar knytt til tilbakemeldingar og rapportering. Kommunen delar vurderinga av at dette har gitt auka risiko for at barn og familiar ikkje alltid får rett hjelp til rett tid, eller at tiltaka ikkje i tilstrekkeleg grad vert følgde opp og evaluerte.

Samtidig peikar Statsforvaltaren på at tenesta har arbeidd aktivt med fleire viktige område, mellom anna rekruttering av fosterheim i slekt og nettverk. Dette har vore eit målretta arbeid.

I kommunebiletet til Statsforvaltaren blei det òg vurdert som nødvendig at kommunen tok stilling til moglegheita for å inngå i ei interkommunal barnevernteneste for å sikre naudsynt kapasitet, leing og kompetanse i tenesta.



For å følgje opp funna frå Statsforvaltaren, har kommunen sett i verk tiltak for å styrke leiing, internkontroll og kvalitetsarbeid. Dette omfattar mellom anna deltaking i nasjonalt leiarutviklingsprogram med fokus på internkontroll i barnevernet, samt arbeid med å etablere betre system for avvikshandtering, oppfølging og læring. Leiarprogrammet starta opp i 2026 med første samling i februar.

Sogn kommunale oppgåvefelleskap (Sogn KO) ønskte med bakgrunn i nasjonale føringar, lovverk og lokale behov å utgreie moglegheitene for tettare interkommunalt samarbeid om barnevern. Målet er å styrka kvaliteten, effektiviteten og berekraft i barnevernteneste. Den nye tenesta skal vere organisert som ein vertskommunemodell og med Sogndal som vertskommune.

Kommunestyret i Årdal fatta i desember 2025 vedtak om at Årdal skal bli ein del av den nye barneverntenesta i Sogn, i lag med Lærdal, Aurland, Sogndal, Luster og Vik.

Året 2025 har vore krevjande for tenesta. I Årdal har det vore motstand mot interkommunal barnevernteneste og dei tilsette har opplevd prosessane som krevjande. Tenesta har likevel i stor grad greidd å ivareta sitt ordinære arbeid. Det vert likevel vurdert til at slike prosessar kan føre til auka risiko for avvik. Dei tilsette er innstilte på å bidra positivt inn i arbeidet med å utvikle ei interkommunal barnevernteneste.

I 2026 skal me arbeide systematisk med gjennomgang av sakene, evaluere tiltak og utarbeide betre kvalitetssystem og internkontroll i tenesta. I tillegg skal me delta aktivt i prosjektet om etablering av ny interkommunal barnevernteneste.

